

Sykkylven kyrkjelege fellesråd
Postboks 161
6239 Sykkylven

F-sak 05/16

Desse møtte:

Protokoll frå fellesrådsmøte 16. februar 2016.

Torbjørn Støylen, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Svein Runde, Anne Karin Watters og Arild Sporsheim

Forfall:

Irene Hørte Høibakk, Trygve Ebbesvik og Anne Rita Kvistad Utgård

F-sak 01/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

F-sak 23/15 Protokoll frå fellesrådsmøte 8. desember 2015

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

F-sak 02/16 Fastsetting av rekneskapen for 2015

Kyrkjeverjen orienterte om eit rekneskapsresultat på kr. 40 429,- og viste til målet/budsjettet om å nedbetale tidlegare års meirforbruk med kr. 52 748,-. Hovudårsakane til denne positive utviklinga i forhold til år 2014 var etterbetaling for lønnsvekst på kr. 200 000,- frå kommunen, eit mindreforbruk til lønns- og personutgifter, samt tilskot frå sokneråda på kr. 308 000,- til utbetring og vidareutvikling av kyrkjene.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Rekneskapsresultatet for 2015 endte opp med kr. 40 429,- som i si heilheit skal gå til nedbetaling av tidlegare års meirforbruk. Beløpet er kr. 12 319,- lågare enn budsjettet. For år 2016 må vi difor budsjettere med kr. 64 818,- til nedbetaling av resterande beløp frå tidlegare års meirforbruk.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

F-sak 03/16 Revidering av budsjett 2016


Kyrkjeverjen orienterte om saksframlegget.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok budsjettet som framlagt med til saman kr. 64 818,- til nedbetaling av tidlegare års meirforbruk.

SKF viser til stram budsjett disiplin og at budsjettgjennomgang blir fast sak på alle møter i 2016.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.



Sykkylven kyrkjelege fellesråd
Postboks 161
6239 Sykkylven

F-sak 04/16 Økonomiplan 2016-2018

Vedtak:

Fellesrådet vedtok økonomiplanen som framlagt med rom for at kyrkjeverjen gjer nødvendige omprioriteringar.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

Orienteringar:

- Gjennomgang av investeringar/vedlikehald i 2015
- Fondsoppstilling 2015
- Vegen rundt Sykkylven kyrkje
- Parkeringsbehovet ved Ikornnes kyrkje

Neste møte: Mars/april 2016

Ref.:

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar